



Referat frå kommunemøte torsdag 3. desember

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, Helse Førde, Helse Bergen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stade: Eidfjord kommune, Fedje kommune, Gulen kommune, Stad kommune og Ulvik herad

1. Neste møte

Nytt telefonmøte med kommunane er førstkomande **torsdag 10. desember kl. 13.30**. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 13.20. Hugs å skrive namn på kommune/organisasjon i kommentarfeltet.

2. Rapportering frå kommunane

Nytt rapporteringskrav

Vi har behov for å ha meir informasjon om situasjonen ute i kommunane og vil difor frå neste veke starte ei fast vekerapportering som tek føre seg lokale smitteverntiltak, kapasitet med tanke på gjennomføring av TISK-strategien, kapasitet i tenestetilbod og status i helsetenesta. Det er viktig at vi får inn rapportering frå alle kommunane for å få eit godt bilete av heile fylket.

Rapporteringa vil skje ved bruk av eit excel-skjema som vi vil dele i OneDrive. I dette skjema vil kvar kommune få ei fane kor de skal fylle inn sin informasjon. Vi vil starte med å dele dette med beredskapskontaktane i kommunane. Vi er klar over at det er ulikt kven som vi vil vere ansvarleg for å gjennomføre ei slik rapportering i kommunane. Vi legg difor opp til at de kan melde inn til oss dersom det er andre som treng tilgang til rapporteringsskjema (det er berre vedkommande som vi har gitt tilgang til skjema som kan gå inn i skjema). Før utsending av skjema vil vi sende ut meir detaljert praktisk informasjon.

Oversikt over kommuneoverlegar og smittevernlegar

Førre veke bad vi om ei tilbakemelding på oppdatert kontaktinformasjon og eventuell fungering i tida som kjem. Denne oversikta er sendt vidare til Helsedirektoratet som arbeider med å lage ein nasjonal oversikt. Vi vil vidareseende denne oversikten så snart den er klar.

Oversikta for Vestland er publisert på nettstaden til Fylkesmannen, saman med lister med kontaktinformasjon for kommuneoverlegar og smittevernlegar. Denne er tilgjengeleg her:

<https://www.fylkesmannen.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/smittevern/kommuneoverlegar-og-smittevernlegar/>

Fleire av dykk har meldt tilbake at de ikkje har avklart fungering per i dag, og vi har bedt om at de ettersender dette til oss så snart det er avklart. Vi vil opne skjema for innsending igjen på måndag etter ei teknisk oppgradering av nettsida vår. Har de innspel før det, kan dei sendast til beredskapsadressa (fmvlberedskap@fylkesmannen.no). Vi vil oppdatere lista på nettsida etter kvart som vi får ny informasjon, og oppmodar dykk om å nytte siste utgåve der.

Påminning frå FHI - rapportering på leveringsadresse for koronavaksine

I brev sendt til kommunane 22. oktober bad FHI kommunane sende inn leveringsadresse for



koronavaksine, i tillegg til kontaktpersonar. Svarfrist var sett til 10. november. På tysdag denne veka sendte vi ut ei purre e-post til dei kommunane som ikkje hadde svart. Vi ser at fleire av dei har svart ut etterspurnaden etter dette, men vi fekk for ein time sidan beskjed frå FHI at dei framleis manglar svar frå 10 kommunar i Vestland.

Dette gjeld: Bergen, Stord, Tysnes, Eidfjord, Voss, Kvam, Solund, Aurland, Lærdal og Årdal.

Vi ber difor om at de så snart som rå melder inn i det utsendte skjema. Dersom de har spørsmål så er det berre å sende inn spørsmål til Sindre Andre Haug (siaha@fylkesmannen.no).

FHI skriv i sin førespurnad til oss at dei forstår at enkelte kommunar kanskje planlegg for å samarbeide om eit leveringspunkt, og at dei difor ikkje har meldt inn ei leveringsadresse. Dei understrekar at det er fint om desse svarar uansett, og at ein da legg inn ein kommentar om at dei ikkje skal ha koronavaksine fordi dei samarbeider med ein anna kommune og angi kva for ein kommune det er.

3. Krav om "eigna opphaldsstad" ved gjennomføring av karantene

Fleire har etterlyst ei avklaring av kva som kan reknast som "eigna opphaldsstad" for gjennomføring av karantene. Helsedirektoratet viser til rettleiinga som ligg på FHI.no.

På FHI.no så står det mellom anna at *"Brakkebyer, asylmottak og studentboliger kan være egnet sted for karantene, forutsatt at man har enerom med eget bad/toalett og kjøkken (eventuelt organisert matservering til rommet)".*

For meir informasjon om dette sjå her: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/fakta/avstand-karantene-og-isolering/#egnet-sted-for-karantenen>

Her er det òg lagt inn supplerande informasjon om kva ein bør tenke på ved tilrettelegging av opphaldsstad for personar som må vere i karantene.

Studentar

Vi ser at studentbustadar òg er omfatta av formuleringa knytt til eigna opphaldsstad på FHI sin nettstad. Vi ønskjer difor å presisere at slik regelverket er formulert i dag, med dei gjeldande presiseringane frå nasjonale styresmakter, skal utanlandske studentar som kjem til Noreg på utveksling gjennomføre innreisekarantene på innreisekarantenehotell. Det er per i dag ikkje noko unntak frå dette for denne gruppa.

Problemstillingane knytt til denne gruppa vert drøfta på departementsnivå og vi vil gi beskjed så fort vi måtte få oppdatert informasjon om dette.

4. Rettleiing om opne arrangement

Helsedirektoratet har laga ein kort rettleiing om opne arrangement som vi sender ut saman med referatet.

Reglane i covid-19-forskrifta gjeld for alle arrangement som er omfatta av definisjonen i § 13 første ledd bokstav a-f, det vil seie når det skjer på offentleg stad, eller i lokale og utandørs areal som vert leigd eller lånt ut.



Definisjonen av arrangement må avgrensast mot samling av personar som ikkje skuldast at nokon har invitert, annonsert eller på anna måte organisert det (at det ikkje er ein arrangør.) Det gjeld til dømes individuelle besøk på museum og spisestader.

Arrangement som pop-up-konsertar, julegrantenning og likande vert vurdert som arrangement som må følgje reglane jf. Covid-19-forskrifta. For at arrangør skal kunne ha kontroll, må arrangementsområdet vere tydeleg fysisk avgrensa. Det kan til dømes vere at det skjer på eit inngjerda område, eller eit område avgrensa med sperreband eller liknande. Det er viktig for å halde kontroll over kor mange som er til stades (jf. § 13a) og kven (jf. § 13d).

Ved gjennomføring av slike arrangement må ein i tillegg vurdere risikoen for å trekke til seg eit større tal personar utanfor arrangementsområdet, og om det kan innebere smitterisiko som tilseier at arrangementet ikkje bør gjennomførast. Arrangøren er i utgangspunktet ikkje ansvarleg for personar utanfor arrangementet, men bør likevel sette i verk tiltak for å syte for at generelle tilrådingar vert følgd for å hindre smittespreiing òg utanfor arrangementet.

5. Vidareutvikling av system for risikovurdering

Bent Høie informerte på pressekonferansen onsdag at det vert jobba med eit nytt system for risikovurdering. FHI vil frå 16. desember utarbeide risikovurderingar på fylkesnivå kvar veke. Vi er ikkje sikre på om dei vil dele eit fylke opp i mindre einingar.

Dei geografiske områda vil bli kategorisert i fem nivå:

- Nivå 1: Kontroll
- Nivå 2: Kontroll med smitteklynger
- Nivå 3: Aukande spreiiing
- Nivå 4: Utbreidd spreiiing
- Nivå 5: Ukontrollert spreiiing

Til kvart nivå kjem dei med eit sett med tiltak som kan takast i bruk. Risikovurderingane og tiltakspakkene er fleksible og skal tilpassast lokale og regionale utfordringar.

Helsedirektoratet og FHI har fått i oppdrag å etablere systemet som vil tre i kraft 16. desember.

Sjå her for meir informasjon: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ma-ha-smitteverntiltak-ogsa-i-julen/id2788526/>

6. Hurtigtestar

Vi sendte torsdag morgon ut eit brev til kommunane med oppdatert informasjon om bruk av antigen hurtigtestar ved covid-19. Brevet omtalar eigenskapane ved testane, når i sjukdomsløpet hurtigtest er best eigna, faglege tilrådingar og korleis prøvesvar kan rapporterast.

For meir informasjon viser vi til brevet.



7. Smittevernustyr

Denne veka vert det sendt ut 100 000 andedrettsvern frå det nasjonale lageret. Det vert ikkje sendt ut anna utstyr denne veka.

Helsedirektoratet var tidlegare nervøs for auka i bruk av munnbind, men ser at forbruket har gått litt ned på landsbasis dei siste to vekene (frå 1,7 millionar til 1,2 millionar).

Helsedirektoratet minner om at det er viktig at kommunane held fram med å rapportere på status for lager og forbruk av smittevernustyr i Altinn. Dei ber òg om at kommunane sender inn rapport i romjula, sjølv om dei forstår at det er litt krevjande. Direktoratet informerer òg om at dei vil halde fram med å samle inn rapportar om lagar og forbruk av smittevernustyr frå kommunane i 2021.

8. Koronavaksine

Det er sett i gang arbeid for å førebu Noreg på mottak av koronavirusar og gjennomføring av vaksiner. Vi venter framleis på ei godkjenning, men vi må vere budd på at denne kan bli gitt i starten av 2021. Ved godkjenning av vaksine må kommunane vere klare til å starte vaksiner. Dei tre aktuelle vaksinane, som vi har snakka om tidlegare, har ulike eigenskapar som påverkar logistikken rundt vaksininga. FHI ser på dette i sitt arbeid og vil gå ut med meir konkret informasjon til kommunane så fort dette er klart.

Førre veke informerte vi om at FHI ville sende ut ein vaksinerettleiar. Denne skulle i utgangspunktet vere klar til 1. desember, men fordi FHI den siste veka har fått mykje ny informasjon som måtte inn i rettleiaren er det no venta at denne først er klar i neste veke.

Det vil i tida fram mot jul bli eit hektisk løp for å få på plass eit system for vaksiner over heile landet. Dette inkluderer at de må lage planar for korleis vaksininga skal gjennomførast i den enkelte kommune. Planane må mellom anna ta omsyn til logistikkutfordringane ved den enkelte vaksine og utfordringane med mogleg smitte mellom dei som skal vaksinerast. Ein del av desse detaljane vil det truleg kome føringar på i vaksinerettleiaren som ikkje er klar. Enn så lenge kan ein starte å klargjere korleis ein skal løyse utfordringar knytt til mellom anna bemanning.

Vi vil så rask vi får inn meir informasjon vidareformidle denne.

9. Høve til heimeundervisning

Dei siste dagane har nyheitene informert om at statsråden vil fremje eit forslag som opnar for auka bruk av heimeundervisning. Bakgrunnen for dette forslaget er at det over tid har vore etterspurd eit større handlingsrom for å kunne nytte heimeundervisning, som igjen er grunngeve i at ein del skular har praktiske utfordringar.

Forslaget som no ligg ute på høyring tek kort fortalt føre seg spørsmål **om** og i så fall på **kva vilkår** det skal opnast for bruk av heimeundervisning ut over dei tilfella kor det er naudsynt på grunn av smitteverntiltak.

Høyringsfristen er sett til 7. desember.



10. Endring av skulerute i samband med juleferie

Vi har ikkje oversikt over om det er kommunar i vårt fylke som har endra skuleruta i samband med juleferien, men vi fått ein del spørsmål ved kva høve det er mogleg å avslutte skuleåret tidlegare enn planlagt. Det korte svaret er at det er høve til å endre avslutningsdato for skuleåret. Ettersom skuleruta er ei forskrift som må endrast etter vanleg praksis for fastsetting og det vil då vere snakk om å flytte skuledagar til over nyttår.